

## **Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 24. august 2015.**

Tilstades: Regionordførar Jon Svartdal, Hilde Alice Vågslid, Arne Vinje, Øyvind Tveit, Torstein Tveito, Erik Skjervagen, Kari Gro Espeland, Brit Houge, Jan Myrekrok, Øystein Tveit, Ketil Kiland, Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggenes.

I tillegg møtte Therese Surdal Lahus og Lill Susan Rognli Vale.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

### **Sak 25/2015 Referat frå rådsmøte 26. mai 2015.**

*Vedtak: Referat frå rådsmøte 26. mai 2015 vart samrøystes godkjent.*

### **Sak 26/2015 Strategiplan for idrett og friluftsliv 2016 - 2019.**

#### **Fylkesidrettskonsulent Therese Surdal Lahus orienterer.**

Therese Surdal Lahus orienterte nærare om planprosessen i samband med rulleringa av strategiplanen for idrett og friluftsliv. Kommunane er invitert til å delta i prosessen, og har fått presentert aktuelle spørsmål/problemstillingar. Fylkeskommunen vil sende ut høyringsutkast før jul med uttalefrist 18. februar 2016, og ser gjerne at moglege innspel vert formidla tidlegare.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.*

### **Sak 27/2015 Mogleg nedlegging av skogsleiren i Kleivgrend. Forslag til uttale.**

I samband med at saken var oppe til drøfting i møtet med Telemarksbenken 26. mai, kom det fram ynskje om å sende brev med meir presis informasjon til Stortinget. Ein ynskjer mellom anna å få fram at avdelingen held god fagleg standard samstundes som driftskostnadene er svært gunstige. Vidare vil ein peike på at leiren ein viktig ressurs for lokalsamfunnet, og at ein ikkje har rekutteringsproblem slik det er framstilt i sakspapira til Stortinget. Det låg føre utkast til brev til Stortinget.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte utkastet til brev til Stortinget med dei rettingane som kom fram i møtet. Korrigert utkast sendast ordførarane til godkjenning.*

### **Sak 28/2015 Formelt vedtak om å oppheve "postgarantien".**

I tidlegare rådsmøte har Vest-Telemarkrådet stilt garanti for inntil kr. 200 000,- i samband med sak mellom Harald Omnes og Staten/Posten gjeldade postframføring. Etter at saken har vore oppe både i Tingretten og lagmannsretten, der Omnes har vunne fram i begge rettsinstansane, låg det føre forslag om å oppheve garantien.

*Vedtak:*

*Vest-Telemarkrådet viser til sitt vedtak av 21. mai 2013 om å stille økonomisk garanti med inntil kr. 200 000,- i samband med rettssak mellom Harald Omnes og Staten/Posten.*

*På bakgrunn av at Omnes har vunne fram både i Tingrett og Lagmannsrett, og at det ligg føre rettskraftig dom i saken, vert den gjevne garantien på kr. 200 000, - oppheva.*

*Samrøystes vedtak.*

### **Sak 29/2015 Vidareføring av VandreTelemark.**

Prosjektleder Lill Susan Rognli Vale orienterte nærare om saken. I møte 26. mai 2015 handsama Vest-Telemarkrådet "Sak 21/2015 Vidareføring av VandreTelemark som friluftsråd", der det vart gjort fylgjande vedtak:

*"Vest-Telemarkrådet tek rapporten til vitande, og ber adm utarbeide forslag til vidare driftsmodell for VandreTelemark".*

For å oppretthalde naudsynt aktivitet i ein periode på inntil 2 år, låg det føre forslag om at kvar av dei 8 deltakande kommunane løyver kr 45 000,- pr år. Dette utgjer omlag eit kvart årsverk, og sikrar ei grunnleggjande drift desse 2 åra.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet oppmodar kvar enkelt kommune om å løyve kr. 45 000,- pr. år i perioden 2016 - 2017 til vidareføring av VandreTelemark.*

Samrøystes vedtak.

### **Sak 30/2015 Orienteringssaker/ymse.**

#### Byregionprogrammet.

Ole Dalen orienterte nærare om saken. Vest-Telemarkrådet er tildelt 2 680 000 kroner frå Byregionprogrammet til å utvikle samspelet mellom kommunane, næringslivet og næringshagane i regionen. Formell søkjar på vegne av regionen er Tokke kommune v/plan- og nærings sjef Gunhild Austjord.

Ole Dalen er prosjektleder, og det er nedsett ei prosjektgruppe beståande av nærings sjefane i dei 6 kommunane saman med representantar frå Vest-Telemark Næringshage, Vest-Telemark Næringsforum, Vest-Telemark Næringsutvikling og Vest-Telemarkrådet.

Prosjektet skal gå over 3 år.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.*

#### Samarbeidskommune - bygging og drift av fengsel. (OPS).

Kari Gro Espeland orienterte kort om ein forspurnad frå ei investorgruppe (Norda Partners AS) om mogleg bygging og drift av fengsel. Investorgruppa ser for seg at dette kan skje som eit offentleg/privat samarbeid (OPS), og er i denne omgangen ute etter eigna areal/bygningar til føremålet. Førspurnaden er sendt til ei rekkje kommunar, mellom anna til Tokke kommune. Hilde Alice Vågslid signaliserte ynskje om å drøfte saken i eigen kommune før mogleg vidare handsaming i Vest-Telemarkrådet, og fekk tilslutning til dette frå dei andre kommunane.

#### Høgfjellskonferansen på Storefjell 26. - 27. oktober.

Regionrådsleder oppfordra til god deltaking desse dagane, ikkje minst ut frå at val av hovudkorridor/hovudkorridorar no nærmar seg ei avgjerd.

#### Mogleg kurs "Førstehjelp ved selvmordsfare" 3. - 4. november.

Regionrådsleder orienterte kort om eit spørsmål frå prostidiakon Eilev Erikstein om å arrangere kurset "Førstehjelp ved selvmordsfare".

Kurset går i regi av VIVAT som er eit landsdekkande undervisningsprogram, og dette inngår i den statlege arbeidsplanen "Tiltak mot selvmord".

Det var semje om å sende saken vidare til rådmennene og leiarane i Barnevernsamarbeidet og PPT.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes